

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 15.01.2019
Vår ref.: 2017/17596-66
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Att. Sigrid Fivelstad

Rapportering - tilskot til verna kulturminne 2018 og søknad om endring av bruken av tilskot.

Vi viser til Dykkar brev av 03.01.2019 med status rapport om bruken av tilskot til verna kulturminne 2018 i Meland kommune til 3 prosjekter: Eldhus på Gripen gård, Prestebryggja på Husebø og uthus ved Holmestova.

Tiltak	Tildelt	Utbetalt
Eldhus på Gripen Gard	40 000	40 000
Prestebryggja på Husebø	40 000	29 466
Uthus ved Holmestova	30 000	0
Sum	110 000	69 466

Kommunen søker om utsetjing av utbetaling og rapportering for vøling av uthus ved Holmestova til meir av finansiering er på plass. Fylkeskonservatoren har ikkje merknad til utsetjinga og meiner det kan vera lurt å vente til det er realistisk å få gjennomført prosjektet.

Prosjektet om prestebryggja på Husebø vart tildelt kr 40 000,- . Grunna god økonomisk styring heldt dette prosjektet seg under det beløpet dei budsjetterte med. Meland kommune søker difor fylkeskommunen om å få nytte dei resterande midlane til dei to andre prosjekta som vart tildelt stønad i 2018. Fylkeskonservatoren har ikkje merknad til omdisponering av midlar slik kommunen foreslår.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorElizabeth Warren
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.